



Oslo, 15. april 2024

REFERAT FRÅ STYREMØTE nr.3/24 i 4H Hordaland

Dato:	15.april
Klokka:	19.00-21.00
Stad:	Teams

Desse møtte til styremøte:

Fylkesstyret med vara: Synne Røthe Sandal, Janniche Næss Bergås, Steffen Stråtveit, Vilde Sylta Kvamme, og Agathe Ølvestveit

Kommentar: Agathe Ølvestveit har stemmerett under møte

Tilsette: Leif-Helge Molvik

Referat er sendt til desse for orientering:

Kontrollnemnda: Ida Marlen Havn, Martha Gjerald og Agnete Flatnes Skarveland.

SAK 31/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 31/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 32/24	Godkjenning av referat frå sist styremøte
SAK 33/24	Orienteringssaker
SAK 34/24	Økonomioppdatering
SAK 35/24	Informasjon til distriktsmøta
SAK 36/24	Oppdragsmal synleggjeringsgruppa
SAK 37/24	Vervestrategi og vervetal
SAK 38/24	Deltakelse på jubileumshaustfestar

SAK 39/24	Landsleir 2024 – reise og leiarar
SAK 40/24	Sal av profileringsklede
SAK 41/24	Profileringsklede fylkesstyret
SAK 42/24	Ymse
SAK 43/24	Saker til neste styremøte

Forslag til vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjent.

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjent

SAK 32/24 Godkjenning av referat frå sist styremøte

Vedlegg: Referat fylkesstyremøte 2/24

Vedtak: Referat frå fylkesstyremøte 2/24 vert godkjent med merknadar.

SAK 33/24 Orienteringssaker

Tiltak	Orientering	Ansvarleg
H.A.N.S.A. oppdatering	Nicolaj orienterar om kva som skjer i H.A.N.S.A. B.A.S.E har invitert på hyttetur, har blitt informert om dette i H.A.N.S.A. si Facebook-gruppe.	Nicolaj
Molvik 4H-gard	Steffen orienterar om kva som skjer på 4H-garden i Molvik. Det er til no 16 påmeldt til under open himmel. Det vert tur med nye Ostereidet 4H her skal også ordføraren delta.	Steffen

Klubbstatus	Turid gjer ein statusrapport for klubbane.	Turid
Landsleir 2024	<p>Janniche og Synne orienterer om arbeidet med landsleir 2024.</p> <p>Janniche har vore på møte med hovudkomiteen og orienterer om arbeidet dei har gjort der. Blant annet har dei blitt einige om kle som hovudkomité, komitémedlemmane og frivillige skal gå med under leiren for å vere synlege.</p> <p>Leiren nærmar seg budsjett på spons. Nokre av aktivitetane er fulle allereie, men aktivitetskomiteen ser på mogelegheita for å auke plassane.</p> <p>Neste hovudkomité møte vert på teams</p>	Janniche og Synne
Storkurs	08.-10.mars var det storkurs i Sveio. Lid 4H var arrangør. Steffen og Nicolaj deltok.	Lid 4H
Årsmøter	På vegne av 4H Hordaland har Leif Helge deltatt på årsmøtet til Vestland bondelag, Steffen på Hordaland bygdekvinnelag sitt årsmøte og Hjalmar på studieforbundet natur og miljø sitt årsmøte.	

Nattcup	Hårteigen 4H arrangerte nattcup for heile fylket 15.mars. Steffen, Hjalmar og Nicolaj deltok.	Hårteigen 4H
Insporama og landsstyremøte	Janniche, Steffen, Vilde, Marius og Agathe deltok på insporama 12.-14.april. Steffen deltok på landsstyremøte på vegne av 4H Hordaland. 9.april hadde styret digitalt møte der me gjekk igjennom sakspapira til landsstyremøtet.	Heile styret
Vaksenleiarkurs	Marius Skar Kolås, Ilona-Maria Batta Solheim, Martin Herheim og Hans Ole Emberland deltek på vaksenleiarkurs del 1 i Trondheim 26.-28.april.	

SAK 34/24 Økonomioppdatering

Janniche orienterar om økonomioppdateringa.

- Ligger under budsjett på varesal.
- Kontingent medlem/klubbar, under budsjett, men tek litt tid før alle har betalt kontingent. Dei vil snart få purring.
- Har nettopp sendt ein søknad om prosjektmidlar, «grøn fritid for barn og unge».
- Landslotteriet, nesten 10 000 over budsjett. Klubbane har vore flinke til å selje lodd.
- Ligger under budsjett på deltakaravgift, har ikkje så mange arrangement igjen i år.

Vedtak: Fylkesstyret tek økonomioppdateringa til orientering.

SAK 35/24 Informasjon til distriktsmøter

Vedlegg: Informasjon distriktsmøter

Fordelinga på kven som har ansvar for kva distriktsmøte ser slik ut:

Hardanger: Agathe og Vilde

Sunnhordland: Synnøve og Janniche

Nordhordland: Steffen og Hjalmar

Voss, Ulvik og Granvin: Synne og Marius

Alle må finna ein dato det passar å ha distriktsmøte, og kalla inn til møte. Me må diskutera om me ynskjer fysisk eller digitale distriktsmøter. Alle distriktsmøta skal vera gjennomført før neste møte 16.juni.

Digitale distriktsmøter vert billigare og lettare å gjennomføre. Me må også tenke på korleis me ynskjer å gjennomføre møta vidare. Korleis kan me sørge for at både me og klubbane får mest ut av møtet?

Vedlagt ligg eit dokument med informasjon som er viktig å ta opp på møta.

Vedtak: Dokumentet "informasjon distriktsmøter" blir godkjend med eventuelle merknadar. Innan neste styremøte skal alle ha gjennomført distriktsmøte. Dei som har mogelegheit kan dra på distriktsleirane, om ikkje kan ein ha møte digitalt.

SAK 36/24 Synleggjeringsgruppa

Vedlegg: Oppdragsmal synleggjeringsgruppa

Janniche, Agathe og Synne har hatt møte for å revidera oppdragsmalen til synleggjeringsgruppa. Dei har og laga ein plan for promotering av 4H dagen.

Vedtak: Oppdragsmalen til synleggjeringsgruppa blir godkjend

SAK 37/24 Vervestrategi og vervetal

Vedlegg: Vervestrategi og vervetal

Vilde og Synnøve har sitt over fjorårets vervestrategiar og revidert dei. Dei har samla vervestrategi for klubbane og vervestrategi for fylket i eit dokument. Dei har og satt inn tal i tabellen som skal sendast til 4H Norge.

Vedtak: Vervestrategi og vervetal blir godkjent med merknadar.

SAK 38/24 Deltakelse jubileumshaustfestar

Innan styremøtet har Synne fått oversikt over kva klubbar som har jubileum i år. Fordeling av kven som reiser til kva klubb blir lagt fram på møtet.

Vedtak: Hald av datoen for tildelt jubileumsklubb.

SAK 39/24 Landsleir 2024

Det er 140 påmeldte frå 4H Hordaland til landsleir. 15 av dei påmeldte er Arrangørar. Guro Kristi Holmberg har sagt ja til å vere hovudleiar, og me har 10 leiarar som har sakt ja. Det er satt opp fellesreisa frå Leirvik-Odda-Voss.

Legge ut spørjeskjema i klubbrådgjevar gruppa for å sjekke kor mange som ynskjer å bruke fellesreisa. Då det er billigare med offentleg transport frå Odda enn fellesreisa.

Janniche og Synne har arbeida med nytt banner til fylket, banneret blir vist på fylkesstyremøtet. Gjenstående arbeid er å finne bilete og legge til eit kart over fylket.

Steffen tek ansvar for grilling torsdag 4. juli. Og Synne tek ansvar for underhaldning/opning av landsmøte.

Vedtak: Fylkesstyret tek seg av frivillig grillfest torsdag før leir. Steffen lodder stemninga for fellesreise frå Sveio via Odda. Synne skal ha møte med hovudleiar Guro. Janniche og Synne ferdigstiller banneret og bestiller dette til landsleir.

SAK 40/24 Sal av profileringsklede

Janniche, Vilde og Agathe har tatt ansvar for å utarbeida profileringsklede til fylket. Dei jobbar med idémalring og tar opp på møtet kva dei har kome fram til.

Janniche, Vilde og Agathe har idear om caps, hettegenser og joggebukse.

Vedtak: Janniche, Vilde og Agathe jobbar vidare med design av kle til neste møte. Skal ikkje produserast før sommaren, ettersom det då er fokus på leirkle.

SAK 41/24 Profileringsklede fylkesstyret

På førre møte snakka me om at me ynskjer pique som profileringskle, og eventuelt søka støtte til fylkesstyregenserar. Turid har sjekka opp i pris på pique.

Vedtak: Synne undersøker vidare på pris og sender på Messenger, styret ser etter plasser å søke støtte.

SAK 42/24 Ymse

- Steffen, Synne og Janniche blir arbeidsgruppe for arrangement for dei frivillige etter leir. For å sette pris på dei frivillige som har stått på for å få til landsleiren.
- Søknad om prosjektmidlar til «Grøn fritid for barn og unge». Eit treårig prosjekt som går frå hausten 2024 til hausten 2026. Målet er å rekruttere nye 4H gardar, auke aktivitet på gardane og ekstern aktivitet på gardane. 8 grøne dagar på kvar gard i året.
- Ynskje om at fylkesstyret skal få tilgang til rulleringsplanen for leir i fylket.
- Ynskje om at fylkesstyret skal sjå gjennom og revidera Fylkesleir ABC. Eit dokument som gjer at det skal vera lettare for klubbane å arrangera fylkesleiren.
- Moglegheit for å arrangera frivillig kveldar for klubbrådgjevarar og andre frivillige. Eit sosialt arrangement kor ein takkar for innsatsen.
- Mogeleg tema for generaldebatt på landsmøte, merkesystem for klubbrådgjevarar.
- Janniche skal sjå øve mappestruktur i teams.
- Trivselsagensamling var ikkje nemnt i orienteringsaker, men var eit vellykka arrangement

SAK 43/24 Saker til neste styremøte

- Godkjenning av innkalling og sakliste

- Godkjenning av referat frå sist styremøte
- Økonomioppdatering
- Saker til neste styremøte
- Neste styremøte: 16.juni